



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Adresseliste

Vår dato: **23 APR 2014**

Vår ref.: 201300073 - 5 frjo

Arkiv: 312/

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Frank Jørgensen

Tlf 22 95 94 31

Høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Blåura kraftverk i Fusa kommune, Hordaland fylke

NVE har motteke melding frå SKL Produksjon AS og Fusa kraftlag SA om å få byggje Blåura kraftverk i Fusa kommune. Meldinga blir sendt på høyring til alle som saka vedkjem.

Høyringsfrist er 15.06.2014. NVE vil halde eit ope møte i løpet av høyringsperioden. Bruk gjerne nettsida til NVE når de sender uttale.

Meldinga blir handsama etter reglane i plan- og bygningslova om konsekvensutgreiingar. Den blir kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Føremålet med meldinga er å varsle tidleg om tiltaket og å fremje forslag til dei forholda som bør utgreiast nærare og kva søkjar må ta omsyn til under den vidare planlegginga. NVE vil fastsetje eit konsekvensutgreiingsprogram for tiltaket med grunnlag i meldinga, uttalane til denne og egne vurderingar.

Eit eksemplar av brosjyren som er utarbeidd for prosjektet ligg ved. Meldinga er tilgjengeleg på internettsida til NVE: www.nve.no/Vannkraft. Om høyringspartane ønskjer ein papirversjon av meldinga kan dei kontakte: Torfinn Kalle på e-post torfinn.kalle@skl.as eller tlf 97 55 62 24 .

Vi ber Fusa kommune om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av meldinga ut til offentleg gjennomsyn på kommunetunet i Fusa kommune fram til **15.06.2014**. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

I løpet av høyringsperioden vil NVE halde eit ope møte om prosjektet. Tid og stad for møtet vil NVE kunngjere seinare. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga av meldinga, og søkjar vil orientere om planane og forslag til utgreiingsprogram.

Fråsegner skal sendes, gjerne via internett www.nve.no/Vannkraft til nve@nve.no eller i brev til NVE - Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast innan **15.06.2014**.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest


Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Fråseegner eller deler av fråseegner vil bli referert i saka. Fråsegna er offentlige dokument. Sentrale saksdokument blir lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Carsten Stig Jensen', written over a large, stylized, sweeping stroke that extends from the left towards the right.

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Frank Jørgensen', written in a cursive style.

Frank Jørgensen
seniorrådgiver

Vedlegg: 2 Brosjyre, kopi av kunngjering

Adresseliste for: SKL Produksjon AS – Melding Blåura Kraftverk

Handsamast etter: Plan og bygningslova reglar for konsekvensutgreiingar

Blir kunngjort av NVE ein gong i: lokalavisa Os og Fusaposten og Bergens Tidende

Alle på adresselista får kopi av kunngjering og brosjyre

Melding papir	Adressat
5	Fusa kommune, Kommunesynet, Leiro 31, pb 24, 5649 EIKELANDSOSEN
	Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
	Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
	Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7010 TRONDHEIM
	Statens Vegvesen Region Vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
	Statnett SF, Postboks 4904 Nydalen, 0423 OSLO
	Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM
	Norges Geotekniske Institutt, Postboks 3930 Ullevål Stadion, 0806 OSLO
	Norges geologiske undersøkelser - Biblioteket, Postboks 3006, 7001 TRONDHEIM
	Mattilsynet, Felles postmottak, Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL
	BergenTurlag, Tverrgaten 4-6, 5017 BERGEN
	Friluftslivets fellesorganisasjon, Nedre Slottsgate 25, 0157 OSLO
	Naturvernforbundet Hordaland, Postboks 1201 Sentrum, 5811 BERGEN
	Norges Bondelag, Postboks 9354 Grønland, 0135 OSLO
	Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold, Postboks 6784 St Olavs Pl, 0130 OSLO
	Norges Jeger- Og Fiskerforbund, Postboks 94, 1378 NESBRU
Til Orientering	Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 OSLO
	Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO
	Statens Landbruksforvaltning, Postboks 8140 Dep, 0033 OSLO
	SKL Produksjon AS, Postboks 24, 5401 STORD

Noregs vassdrags- og energidirektorat kunngjer

Melding med forslag til konsekvensutgreiing for Blåura kraftverk i Fusa kommune

NVE har motteke melding frå SKL Produksjon AS og Fusa kraftlag SA om bygging av Blåura kraftverk i Sævareidvassdraget i Hålandsdalen. Blåura kraftverk vil nytte eit fall på 742 meter og med ein installert effekt på 19 MW vil dette gje ein årleg middelproduksjon på 68,6 GWh.

Meldinga blir handsama etter reglane om konsekvensutgreiingar i plan- og bygningslova.

Formålet med meldinga er å klargjere kva for konsekvensar tiltaket kan få for miljø, naturressursar og samfunn, og kva ein bør ta omsyn til under den vidare planlegginga. Med grunnlag i meldinga og merknadene til denne vil NVE fastsette eit program for kva slag konsekvensutgreiingar som skal følgje ein eventuell søknad.

Meldinga er tilgjengeleg på www.nve.no/vannkraft og er lagt ut til offentleg gjennomsyn på kommunetunet Fusa kommune.

De kan få ein papirversjon av meldinga ved å kontakte Torfinn Kolle på e-post Torfinn.kolle@skl.as eller tlf. 97 55 62 24.

NVE vil halde eit ope møte om prosjektet i løpet av høyringsperioden. Tid og stad blir kunngjort av NVE seinare. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga, og søkjar vil gjere greie for planane og forslag til utgreiingsprogram.

Merknader sendast gjerne via internett www.nve.no/vannkraft, til nve@nve.no eller i brev til NVE – Konesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 OSLO så snart som mogeleg og seinast innan **15.06.2014**.